# Radøy kommune

Sektor for oppvekst

Jeanette Villanger Håland og Stig Andre
Grindheim
Grindheimsvegen 127
5936 MANGER

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 16/425 - 16/10803 | Helge Vallestad<br>helge.vallestad@radoy.kommune.no | 25.08.2016 |

## Vedtak om godkjenning av Grindheim familie- og gardsbarnehage

**Vedtak:**
Grindheim familie- og gardsbarnehage vert godkjent etter Lov om barnehage §11 Familiebarnehagar.

Til grunn for godkjenninga ligg vedtektene for barnehagen og at heimen er vurdert eigna til å driva familiebarnehage. Grindheim familie- og gardsbarnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 62 m2. Barnehagen vert såleis godkjend for to grupper, kvar inntil 5 barn, i alt inntil 10 barn over tre år. Dersom den enkelte gruppa har eit fleirtal av barn under tre år, må kvar enkelt gruppe reduserast.

Rådmannen legg til grunn at Grindheim familie- og gardsbarnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift og syter til ei kvar tid for å ha naudsynte godkjenningar.

**Orientering om enkeltvedtak:**
Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klage skal stilast til Radøy kommune og må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke
kommunalsjef oppvekst

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jeanette Villanger Håland og Stig Andre Grindheim | Grindheimsvegen 127 | 5936 | MANGER |